



Arkivnr: 2014/18455-4

Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen og Lars Øyvind Birkenes (arkeolog)

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		16.09.2014
Fylkesutvalet		24.09.2014

Søknad om konsesjon for overføring av 2 bekkar på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk - fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Statkraft Energi AS ynskjer å utnytte vassføringa og fallet mellom ei eksisterande overføring mellom Floskefonnvatn og Rundavatn magasin til kraftproduksjon. Bakgrunnen er at prosjektet er vurdert som økonomisk lønnsamt, og vil ha ein positiv innverknad på kraftforsyninga lokalt og nasjonalt.

Influensområdet ligg i eit sårbart høg fjellsområde med stor verdi. Området har store verdiar for friluftsliv med viktige oppgangssoner til Hardangervidda, Hardangerjøkulen etc. Inngrepa er prega av eit mindre omfang med relativt få inngrep utan nye vegar, kraftliner eller særskilte massetak.

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av 2 bekkar på Osafjellet til Lang-Sima kraftverk. Med naudsynte retningsliner passar prosjekta inn i Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningsliner.

Forslag til innstilling

Hordaland fylkeskommune rår til utbygging dersom følgjande krav vert innfridd:

1. Skade på sjøaure og laksestammen ved Osa/ Norddøla skal ikkje førekomme.
2. Tiltaket skal ikkje skape barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.
3. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.
4. Inngrepa i det sårbare økosystemet i høg fjellet må avgrensast til eit absolutt minimum.
5. Det skal takast naudsynt omsyn til friluftslivet.
6. Det vil ikkje bli stilt krav om arkeologisk registrering då potensial for funn av automatisk freda kulturminne vert vurdert som sers lågt.
7. Dersom det i samband med tiltaket vert avdekka automatisk freda kulturminne, må tiltak justerast eller eventuelt leggjast fram for Riksantikvaren som rette dispensasjonsmynde.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling


Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 28.08.2014

1. Innleiing

Statkraft Energi AS har søkt om overføring av Våtekleivbekken Nord og Våtekleivbekken Syd på ca. kote 1155 til Langvatnet via eksisterende overføringstunnel mellom Skrulsvatnet og Floskefonnvatnet. Med overføring til Langvatnet kan avrenninga frå bekkane utnyttast i Lang-Sima kraftverk i Eidfjord.

Bekkane har utgangspunkt like sør for Osaskavlén og kryssar over overføringstunnelen mellom Skrulsvatnet og Floskefonnvatnet ca. 5-6 km aust for bygda Osa i Ulvik herad, Hordaland.




Oversiktskart over tiltaksområde

2. Prosjektskildring

Overføringa

Dei to bekkeinntaka drenerer samla eit felt på ca. 1 km² og har eit årleg tilsig på nær 3 mill. m³. Bak ein liten inntaksterskel med skråstilt varegrind, eit sjølvreinsande inntak, skal det borast 3 hull med diameter 0,28 m ned på eksisterande overføringstunnel frå Skrulsvatnet mot Floskefonnvatnet. For Våtekleivbekken N borast 3 hull på 50 m og for Våtekleivbekken S 3 hull på 30 m. Ved inntaket kan dammen på det høgaste bli opptil 4 m og lengda på tersklane kan bli opptil 10 m inkl. ledemurer.



Utbyggingskart for overføring av bekkene på Osafjellet.



Eit eksisterande inntak på overføringstunnelen. Dette tar inn nabofeltet Tverrelva.



Figur 3.3
Inntaket for
Våtekleivbekken N blir
plassert ved foten av
stryket til venstre i
bakgrunnen.

Våtekleivbekken Nord: Inntaket etablerast ved foten av eit fall i bekken på ca. kote 1155.



Figur 3.4
Inntaket for
Våtekleivbekken S blir
antagelig plassert midt i
bildet.

Våtekleivbekken Syd: Inntaket etablerast på eigna stad i bekken på ca. kote 1155.

Arealinngrep

Arealbehova består av ca. 1 dekar for kvart bekkeinntak. Det samla behov for mellombels og permanent areal blir dermed ca. 2 dekar. Det skal utarbeidast detaljerte planar for natur- og landskapsmessige forhold som skal godkjennast i NVE før tiltaket kan settast i gang.

Helikopter

Tilkomsten vil skje via eksisterande veg opp til Rundavatnet. Herifrå vil utstyr, materialar og personell bli transport bort til bekkeinntaka med helikopter.

Massetak og deponi

Det er ikkje behov for særskilte massetak. Det er berre snakk om små mengder sprengde og bora massar som vil bli plassert i tilknytning til inntaka.

Nettilknytning

Overføringa vil ikkje krevje linetilknytning.

Andre tiltak

Ingen nye vegar eller kraftliner må byggast.

Eit slepp av minstevatn tilsvarande 5-persentilen vil vere så lite at det vil ha marginal funksjon biologisk og landskapsmessig. Det er derfor ikkje føreslått nokon minstevassføring.

3. Verknad for natur og samfunn – frå søkjar

Kulturminne og kulturmiljø

Det er ikkje nødvendig å foreta undersøkingar i utbyggingsområdet, då potensialet for funn er ubetydeleg.


Landskap

Området har gode visuelle kvalitetar i form av høgfjell med mykje bart fjell. Dette er kvalitetar som er representative for området og dekkjer det typiske landskapet i regionen. Området er mellombels prega av ulike inngrep, som anleggsveg, kraftliner og regulerte vassdrag, noko som er med på å redusere det totale inntrykket. Området vurderast til å ha middels verdi.

Verknadene for landskapet er hovudsakleg knytt til bekkeinntaka. Desse vil vere synlege på nært hold, men vil i avgrensa grad vere synleg på avstand. Ei DNT-merka sti går frå Osa gjennom Norddalen og vidare til Hallingskeid. Stien går om lag 200 m sør for og 80-100 høgdemeter nedanfor det sørlegaste av dei planlagde bekkeinntaka. Syninga frå DNT- stien vil vere avgrensa på grunn av topografi. Ifølgje søkjar vil betongkonstruksjonane i farge og tekstur gli godt inn i det bare fjellandskapet i området.

Fråføring av bekkane som renn inn i Norddøla, vil berre kunne merkast i dei bratte fjellssidene ovanfor Ossete, og berre med redusert flaumvatn om sommaren. Restvassføringa inn til Norddøla er vanskeleg å berekne, då det meste av vatnet går i grunnen før det når elva. Anslagsvis reduserast vassføringa i Norddøla med i underkant av 4 % ved overføringane og dette vil berre ha marginale konsekvensar for livet i elva.

Dei to bekkeinntaka ligg i INON-sone 2. Den reduserte vassføringa i dei to bekkestrenger er merkbar ned til samløpet med Norddøla. Dette medfører eit tap frå INON-sone 2 (1-3 km frå tyngre tekniske inngrep) på ca. 0,48 km². Området vil bli omklassifisert frå INON- sone 1 (3-5 km frå tyngre tekniske inngrep) til INON-sone 2 med ca. 0,15 km² som vist på figur under.



Tap og endring av INON.

Biologisk mangfold

Den kalkrike berggrunnen i Norddalen fører til at det nordlege, alpine innslaget er forholdsvis velutvikla. Dette er mellomts eit område der fråføringa av vatn blir marginal med antatt tilsvarende ubetydelege verknadar.

Lav- og mosefloraen rundt bekkeinntaka er fattig og består av vanlege artar som begerlav og pigglav. Her finst også lavartar som pigglav, saltlav og lys reinlav, og moseartar som ranksnømose og torvmose spp.¹

Det er ikkje registrert prioriterte naturtypar eller trua vegetasjonstypar i område som blir direkte rørt av dei tekniske inngrepa.

Naturforholda ved områda ved bekkeinntaka er røffe og karrige og her kan ein finne fjellrype, boltit, temmincksnipe, heilo, snøspurv, lappspurv og fjellerke. Fuglefaunaen er forventa å vere fattig, men inneheld verdifulle element knytt bl.a. til leveområde for kongeørn, jaktfalk og vandrefalk.

Det er registrert eit stort heilårs villreinområde som strekk seg heilt ut i Norddalen og Austdalen. Villrein er ein norsk ansvarsart. Tiltaksområdet ligg mellomts perifert i forhold til villreinens beiteområde, og er ikkje spesielt verdifullt.

Akvatisk miljø

Bekkane fell bratt på mykje bart fjell og det finst ikkje fisk. Ein trur at førekkomsten av botndyr er beskjeden.

¹ Spp: dvs. fleire, og/anten, uvisst kva for ein, eller uvesentleg kva for ein.

For fisk og ferskvassorganismar er det små verdiar oppstraums anadrom strekning i Norddøla, mens anadrom strekning har middels til stor verdi. Redusert vassføring og vassdekning i tørkeperiodar på slutten av snøsmeltingssesongen i Norddøla kan gje noko redusert produksjon av fisk på anadrom strekning.

Samfunns- og brukarinteresser

Osafjellet har betydning som friluftslivsområde for lokalbefolkninga, og Ulvik turlag arrangerer turar i området. Ein DNT-merka sti går frå Osa gjennom Norddalen og vidare til Hallingskeid. Stien går om lag 200 m sør for og 80-100 høgdemeter nedanfor det sørlegaste av dei planlagde bekkeinntaka. Verdien i området vurderast for friluftsliv som middels lokalt, og liten til middels regionalt og nasjonalt. Det aktuelle utbyggingsområdet er likevel berre eit marginalt areal.

Utbygginga vil gje nye tekniske inngrep i eit område med noko ferdsel, jakt og fiske, men tiltaksområdet er perifert i forhold til desse aktivitetane. Det er nærliggande å anta at dei fleste vil fortsette å bruke området også etter ei eventuell utbygging, sjølv om den vil kunne redusere utbyttet av og glede over å ferdast i området. Dette gjeld også turistane som går DNT-stien gjennom Norddalen til Hallingskeid, sidan syninga inn til dei planlagde bekkeinntaka vil vere særst avgrrensa.

4. Hordaland fylkeskommune si vurdering

Kulturminne og kulturmiljø

R8 Kulturminne:

1. I område med direkte tilknytning til verneverdige kulturminne og kulturmiljø skal ein *visse varsemd* med løyve til ny vasskraftutbygging.

Frå Fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk

Kulturminne og kulturmiljø

Det går fram av konsekvensvurderinga frå april 2014 at det ikkje kjende automatisk freda kulturminne innanfor tiltaksområda. Det er kjent eit automatisk freda kulturminne, id. nr. 108366, i nærleiken av dei to borehola. Dette er ei av slepa over vidda som kjem opp frå Ossete og går austover mot Hallingskeid.

Dei to borehola kunne i utgangspunktet sjå ut til å komma nær slepa, men ved å sjå nærare på flyfoto, samt kjennskap til den tidlegare innlegginga i Riksantikvaren sin database Askeladden av dette kulturminnet, så vil ikkje desse tiltaka få konsekvensar for dette vegfare.

Tiltaka som det er søkt konsesjon for vil såleis ha liten negativ konsekvens for kulturminne og kulturmiljø. Ut frå arkivmateriale og flyfoto, samt dei opplysingane som er tilgjengelege er potensiale for funn sers lite.

Vurdering og tilråding

Potensial for funn er lite og utbygginga råkar ingen kjende automatisk freda eller nyare tids kulturminne direkte og vil i liten grad få visuell innverknad på kulturminne og kulturmiljø.

Sårbart høgfjellsområde

R4 Sårbart høgfjell:

1. I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vere *restriktiv* med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen.
Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden.
2. I andre område med sårbart høgfjell bør ein *visse varsemd* med løyve til ny kraftutbygging, spesielt i eksponerte område mot viktige reiselivsområde og verdifulle friluftsområde.

Frå Fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk

Ifølgje søkjar vurderast området til å ha middels verdi. Dette er ikkje Hordaland fylkeskommune einige i. Influensområdet ligg i eit sårbart høgfjellsområde med **stor verdi**. Det er store samanhengande område

med sårbart høgfjell i delområdet og krev særskilt merksemd og spesielle tiltak. Søkjar skriv: «I detaljutforminga og gjennomføringa av planane vil det bli lagt vekt på å innpasse dammar/tersklar i landskapet og å avgrense naturinngrepa sitt omfang og utstrekning.». Ifølgje søknad verkar prosjektet prega av eit mindre omfang med relativt få inngrep utan nye vegar, kraftliner eller særskilte massetak. Om det blir tildelt konsesjon er det særskilt viktig at Statkraft Energi AS sørgjer for at inngrepa blir så minimal som mogeleg. Det er og viktig å fokusere på det visuelle og diskresjon. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene.

Bruk av helikopter blir sett på som ei god løysning, sjølv om dette i ein periode vil vere forstyrrende for eit sårbart økosystem i høgfjellet og for friluftslivet. Det er heller ikkje eit miljøvenleg transportmiddel. Hordaland fylkeskommune meiner at bruken av helikopter må avgrensast til eit absolutt minimum ved hjelp av grundig planlegging og fornuftig logistikk.

Om utbygging vil tap av inngrepsfrie naturområde i Noreg (INON) vere ei negativ konsekvens.

Biologisk mangfald

R5 Biologisk mangfald:

1. a) Tiltak som kjem i konflikt med artar som er ”kritisk truga” eller ”sterkt truga” (jf. Norsk Raudliste) eller naturtypar Noreg har eit internasjonalt ansvar for, eller vil vanskeleggjere nasjonal oppfylling av internasjonale avtalar, kan ikkje pårekne å få konsesjon.
b) Tiltak som kjem i konflikt med biologisk mangfald av stor eller middels verdi (jf. verdivurdering av raudlisteartar, naturtypar og truga vegetasjonstypar som framgår av dei nasjonale retningslinene for små vasskraftverk), må pårekne pålegg om avbøtande tiltak som reduserer konflikten.
2. For vatn med hekkande lom skal ein *ikkje gje løyve* til reguleringar som inneber endra vasstand eller endra svingingar i høve til dagens situasjon.
3. For elver som fungerer som hekkeområde for vintererle eller fossefall må det setjast krav om naudsynt minstevassføring. For vintererle er det også viktig å halde skogen langs elva intakt. For fossefall kan oppsetting av eigne reirkasser vere eit avbøtande tiltak der trygge reirplassar forsvinn.
4. Etablering av røyrgate og anleggsveg må ikkje føre til vesentleg inngrep i naturtypar av stor verdi.
5. Ein bør som hovudsak unngå tiltak som skaper barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.

Frå Fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk

Sårbart høgfjell og villrein krev særskilt merksemd og spesielle tiltak (sjå R5 punkt 5). Utifrå søknad vil tiltaka vere utan barrierar som fører til splitting av leveområde. Ifølgje Miljødirektoratet sine kart ligg tiltaksområdet i ytterkant av utbreiingsområde for villrein. Å fragmentere leveområdet for villrein ytterlegare er negativt, men utifrå sakens art inneber ikkje tiltaka omfattande utbygging (sjå Sårbart høgfjellsområde).

I praksis, så vel som i planlegginga, må det sørgjast for at tiltaket ikkje skapar barrierar som fører til splitting av leveområde for villrein.

Akvatisk miljø

R6 Fisk:

1. I nasjonale laksevassdrag skal ein *ikkje gje løyve* til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, dersom det fører til negativ innverknad på bestanden. Ein må *vise varsemd* ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning, og utbygging krev særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen.
2. I lakseførande elver bør ein *ikkje gje løyve* til bygging av kraftverk på lakseførande strekning, og ein må *vise varsemd* ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning.
3. For elvestrekningar med sjøaure eller storaure skal ein *ikkje gje løyve til* vesentlege vasstandsreduksjonar. Der det er store fiskeinteresser skal ikkje tilhøva for fiske reduserast. For kraftverksutbygging oppstrøms aktuell elvestrekning for fisk skal det vurderast om automatisk forbisleppingsventil skal monterast. Løyve til utbygging i mindre viktige område for sjøaure og storaure føreset auka og differensiert minstevassføring, ekstra høg minstevassføring i gytevandringstida og sikre inntaksordningar for å unngå tap av fisk i turbin.
4. Gyteområde for innlandsfisk må ikkje reduserast i eit slikt omfang at det er til trugsel for bestanden eller gjev vesentleg negativ innverknad for fiske.

Frå Fylkespolitiske retningsliner for små vasskraftverk

Det er fleire viktige sjøaurevassdrag med noko innslag av laks i dette området, blant anna i Norddøla. Oversiktskarta i Småkraftplan for Hordaland viser anadrome vassdrag med to vandringsstopp med **stor verdi**. Fylkespolitiske retningslinjer er klar på at, R6: punkt 1, 2 og 3, ein må vise varsemd ved utbygging oppstrøms lakseførande strekning og at ein ikkje skal gje løyve til vesentlege vasstandsreduksjonar. Ved utbygging risikerer ein at vasstanden i Norddøla påverkast i nemneverdig grad, kor det tidvis kan gje noko redusert produksjon av fisk på anadrom strekning. Sjølv om inngrepa er relativt beskjeden så meiner Hordaland fylkeskommune det er særskilt viktig, ved tildelt konsesjon, at det gjennomførast særskilte tryggleikstiltak for å redusere risiko for skade på laksestammen og sjøaure. Skade på laksestammen og sjøaure skal ikkje førekomme.

Samfunns- og brukarinteresser

R7 Friluftsliv

- Ein bør *visse varsemd* ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserar opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for friluftslivet.

Frå Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk

I delområde 7 Ulvik-Eidfjord er det ei rekkje **særskilt viktige** område for friluftsliv. Ulvik kommune og Osa har **store verdiar** for friluftsliv med viktige oppgangssoner til store turområde på Hardangervidda og Hardangerjøkulen. Osa er mykje nytta startpunkt for bruk av DNT sitt tur- og hyttenett på Hardangervidda. Ifølgje søkjar vil syninga frå merka DNT-sti inn til dei planlagde bekkeinntaka vere avgrensa (sjå Sårbart høgfjellsområde).

R9 Reiseliv

- I område med stor verdi for reiselivet der tiltaket vil redusere opplevingskvalitetane skal ein *visse varsemd* med løyve til ny vasskraftutbygging. Gjennom konkret utforming skal ein søkje å gjere tiltaket til ein positiv ressurs for reiselivet.

Frå Fylkespolitiske retningslinjer for små vasskraftverk

Slik tiltaket er presentert vil ikkje inngrepa påverke interesser for reiseliv i nemneverdig grad. Inngrepa må, så langt som mogleg, gå i eitt med omgivnadene. Sjå Sårbart høgfjellsområde.

5. Oppsummering og tilråding

Vassdraga i Eidfjord og nabokommunar har opplevd ei omfattande utbygging. Dette genererer store mengder fornybar energi, men utsett også natur, miljø og friluftsliv for eit betydeleg press med påfølgjande konsekvensar.

Mykje av vassdragsnaturen er regulert i samband med kraftutbygging, og det er viktig å ta dette med ved vurdering av sumverknad for området ved nye prosjekt. At eit område allereie er tungt utbygga er for mange eit argument i seg sjølv for å seie stopp.

I og med at overføringsplanane er i mindre skala, summen av konsekvensar sjåast på som relativt liten og at Simaanlegget har stor nasjonal og regional betydning, **rår Hordaland fylkeskommune for utbygging**. Med naudsynte retningslinjer passar prosjektet inn i Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogeleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningslinjer. Førsetnaden for Hordaland fylkeskommune si positive innstilling er om krav vert innfridd av Statkraft Energi AS.